



Her er heile korpset. Uskedelingen Vegard Døssland (14) sit som nummer tre frå venstre i første rekkje.

Vegard Døssland frå Uskedalen (14) var denne helga på samling med HUBB på Ravnanger ungdomsskole på Askøy og ventar spent på om han blir å finna i den endelege besetningen i neste sesong. Før den blir klar skal ytterligare 10 prøvespela.

HUBB tyder Hordaland Ungdoms Brass Band. Utfallet av opptaket vert gjort kjent i løpet av denne månaden. I tillegg til korpset sine faste medlemmer, var 14 unge musikantar invitert til å hospitera på samlinga på Askøy i samband med at fem medlemmer sluttar på grunn av alder ved sesongslutt. HUBB har no 35 medlemmer frå heile Hordaland, men hovudtyngda kjem frå Bergen og Nordhordland. Det har naturleg nok samanheng med at dette området på mange måtar kan kallast hovudsetet i brassband-Noreg. Medlemmene er i alderen 14-20 år, dei aller fleste mellom 17 og 20, og dei er tekne inn etter prøvespel.

Vegard er den første kvinnhering som har vore på samling i HUBB. Han var også yngst på samlinga og ein av dei få i 14-årsklassa.

Uskedelingen har spela kornett i seks år og henta inspirasjon gjennom skulekorpsaktivitetar som korpstreff, konkurransespeling (to gonger i NM) og ikkje minst deltaking på sommerkursa til NMF dei tre siste åra. Men instrumentlæraren hans i kulturskolen, Clive Andersson, har nok den største æra for utviklinga.

Samlinga på Askøy vart avslutta med ein fantastisk konsert som mellom anna inneheldt mykje ny og spesialskrivne musikk av korpset sin faste dirigent Frode Rydland.

Av Ola Matti Mathisen